

- Dommarkrise

Helge Hafsås som står i Stryn, men bur i Måløy var kamp-leiar mellom Stryn og Syril laurdag. No ropar han på dommarrekruttering.

Ove Sveen
ove.sveen@fjordingen.no

Hafsås var lite nøgd med at han seint fredag kveld vart kontakta for å dømme Stryn-Syril dagen etter.

- Dei som dømmer, dømmer så mykje at dei går trøytt. Dommargjeminga er ei evig vandring rundt om i fylket på kryss og tvers til doble og kanskje også triple kampar. Vi har utpeika makkerar som vi dømmer saman med. For min del skal eg dømme saman med Terje Gjertsen, Førde. Så langt har dette skjedd berre ein gong denne sesongen, seier Hafsås. To gonger sist veke måtte han trå til på andre arenaer i fylket enn der han var oppsett, og det på særskilt kort varsel.



-Dårleg rekruttering er øydeleggande for dommarane, seier Helge Hafsås.

- Det burde vore slik i handballen som i fotballen at ein har dommarkontakter. Regionen gjer alt for å få dommarar. Her er det klubbane som må på bana, seier Hafsås.